

Fylkeskommuna – frå utviklingsaktør til avviklingsaktør?

I eit interjuv med toppane i samarbeidspartia i fylket, Breen (Ap), Astrup Velure (H) og Wahl Gran (MDG) i GD 14. august, meiner dei at høyringsutalene som har kome i høyringa om skule og tilbudsstruktur er irrelevante. For oss som bur rundt om i fylket er dei relevante, svært relevante - og her kjem enda ei uttale som nok får stempel som irrelevant.

For meg som bur i Skjåk er det naturleg å bruke avdelinga i Lom som eksempel. Da avdelinga i Lom vart oppretta for vel 50 år sidan, var det som ei «kraftig vitamininnsprøyting» i lokalsamfunna i Ottadalen. Flesteparten av ungdommane vart verande i bygdene til dei reiste ut på vidareutdanning. Dei som ikkje fekk det skuletilbode dei hadde som fyrsteval i Lom, søkte seg seg sjølvstilt til der dei var. Men det var i heimbygda dei hadde omgangskretsen sin. Dei tok seg arbeid t.d. i helgen innan pleie og omsorgtenesta og i landbruket, noko som ofte var avgjerande for yrkesval. Mange vart med som instruktørar/trenare i idretten, berre for å nemne noko. Slik var det, slik er det nå og slik ønskjer vi det skal vera framover også! Dette er også viktig læring.

Skjåk er av dei kommunane i fylket som har størst prosentvis del av arbeidsplassane i industrien, frå einmannsbedrifter til bedrifter med over 70 tilsette. Slik har det nok ikkje vore utan avd. i Lom. Som ordførar var eg ofte i samtale med etablerare eller om å vidareutvikling i ymse næringar, dei som gjerne ville flytte attende eller flytte til Skjåk. Det som oftast kom fram i samtalene med yngre folk var viktigheita av ein god barnehage, ein god skule og ein god vidaregåande skule i nærleiken, det har vi. Kommuna har gjort og vil gjera sitt, fylkeskomma har gjort sitt men vil ho framleis gjera det?

Det bør også nemnast at avd. i Lom over tid har levert svært gode resultat.

I oppdraget frå regjering og storting til fylkeskommuna har dei fått i oppdrag å vera ein regional utviklingsaktør. Det er tydelegvis gløymt, det er i allefall ikkje nemt i bestillinga frå fylkespolitikkarane til adm.

Sjølv om eg har fokus på Skjåk og avdelinga i Lom, kan det eg skriv overførast til størstedelen av fylket og for oss er skulen på Otta også viktig. Men for Otta avd. er sterke kommune i regionen viktig for å rekrutere til sine liner.

Eg blir betenkt når eg ser at distriktskommuner og næringsliv vurderar å bidra med mellom anna økonomisk støtt for å behalde sin vidaregåande skule. Det må ikkje bli slik i distrikta må kommunane og næringslivet bidra for å behalde vidaregåande skular mens sentrale strøk slepp.

Når saka kjem til handsaming i fylkestinget i slutten av oktober, får vi svar om fylkeskommuna går frå å vera ein regional utviklingsaktør til ein avviklingsaktør.

Rolv Kristen Øygard